

uttalelse@nve.no

Førde, 25.06.2022

Dette brevet er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane, Birdlife Sogn og Fjordane og Natur og Ungdom Vestland

Høyringsfråsegn til søknad om konsesjonsoverdraging og tidsforlenging for 132 kV Bremangerlandet-Rugsundøy og Bremangerlandet transformatorstasjon med tilhørende elektriske anlegg

Høyringsfråsegn 200708328

FNF Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsorganisasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslvsinteressene i fylket. Per i dag er det 12 organisasjonar tilslutta FNF Sogn og Fjordane. Organisasjonane representerer rundt 19.000 medlem i fylket.

Vi vil fyrst få takke for moglegheita til å komme me våre betraktningar og innspel på søknadar som er komne inn frå Bremangerlandet Vindkraftverk AS og Linja AS til NVE. Det set vi stor pris på.

Vi meiner at:

- Grunnlaget for å gje konsesjon til Bremangerlandet Vindkraftverk var og er framleis utilstrekkeleg.
- Lokalmotstanden, konfliktane og konsekvensane for natur- landskaps- og kulturhistorisk verdi rundt Bremangerlandet vindkraftverk AS og tilhørende kraftlinje er så store at Linja AS sin søknad om konsesjonsovertaking og utvida frist for å sette i gang drift av Bremangerlandet transformatorstasjon, Rugsundøy koplingsanlegg, samt ny 132 kV kraftleidning Bremangerlandet transformatorstasjon – Rugsundøy koplingsanlegg **ikkje** bør innvilgast.



Viser til brev frå Norges vassdrag- og energidirektorat der Linja AS søker om at konsesjonen for Bremangerlandet transformatorstasjon, Rugsundøy koplingsanlegg, samt ny 132 kV kraftleidning Bremangerlandet transformatorstasjon – Rugsundøy koplingsanlegg overførast frå Linja til BVAS (pkt. 2, 4 og 5 i anleggskonsesjon NVE ref. 201104378-378) fordi dei, i same søknad, ynskjer same utsett frist for driftstart av ny 132 kV kraftleidning frå Bremangerlandet transformatorstasjon til Rugsundøy koplingsanlegg til 31.12.2025.

Fristen allereie utgått

Vi stiller spørsmål ved gyldigheita med å søke utsett frist, etter at fristen er utgått. Denne fristen gjekk ut allereie 20.02.2022.

Det er søkt om utsett frist for å sette i gang drift av 132kV produksjonsanlegga Rugsundøy-Bremangerlandet inne i ein søknad om konsesjonsovertaking. Dette under påskund av at det då er naturleg å få utsett frist på oppstart av drift av produksjonsanlegg og kraftlinje, fordi dei også søker om utsett frist for drift av sjølve vindkraftanlegget i ein eigen søknad. Dette gjer det, sjølv om fristen på produksjonsanlegget gjekk ut i februar 2022. Om konsesjonen er utgått, har vel ikkje Linja noko eigarforhold å overføre.

Manglande vurdering av konsekvensar for vindkraftanlegg og kraftlinje sett i samanheng

Ein manglar ein samanhengande vurdering av natur – landskaps- og kulturhistoriske konsekvensar av vindkraftanlegget og kraftlinja sett i samanheng. Vi meiner at det totale inngrepet denne kraftlinja vil gjere i traseen mellom Bremangerlandet og Hornelen, Europas høgste sjøklippe, som er eit nasjonalt viktig friluftsområde er lagt lite vekt på

Kraftlinja vil, i samanheng med utsikta til vindkraftverket, ekstremt forringe natur- og friluftslivsverdiar i dette område. Vindkraftverket er kanskje 10km unna Hornelen, som ikkje er særleg langt, men kraftlinja er planlagt å gå nokre hundre meter frå stien til Hornelen. I tillegg vil linja gå over høge, synlege punkt mellom Bremangerlandet og forbi Hornelen. Dette vil påverke bruken av både Bremangerlandet og Hornelen sine natur- og friluftslivsverdiar. Den samla verknaden på vindkraftverket og kraftlinja er heller ikkje vurdert i kartlegging av konsekvensar for fugl eller flaggermus.

Hornelen Nasjonalpark

I september 2021 informerte Sveinung Rotevatn (V) om at Regjeringa har bedt Miljødirektoratet om å starte arbeidet med å danne ti nye nasjonalparkar i Norge¹. Fem av desse områda skal vere på Vestlandet, og Hornelen er eit av dei. Det er klart at kraftlinja til Bremangerlandet kraftverk ikkje kan gå hundre meter frå stien til Hornelen og på høge toppar frå vindkraftverket når Hornelen blir nasjonalpark. Nasjonalparkar blir oppretta fordi tap av naturmangfald på grunn av utbygging og inngrep er eit av dei største utfordringane vi står ovanfor.

Vi vil sterkt fråråde at Linja AS får utsett frist på igangsetjing av drift på eit produksjonsanlegg og ei kraftlinje som ikkje lengre har konsesjon.

Utover dette vil vi vise til høyringsfråsegn frå FNF Sogn og Fjordane om søknad om utsett frist og

konsesjonsutviding frå Bremangerlandet vindpark AS for fleire- og meir utdjupande argument for kvifor kunnskapsgrunnlaget for konsesjon av vindparkanlegget på Bremangerlandet er utilstrekkeleg. Dette gjeld også for kraftlinja som skal gå frå nemnde vindkraftverk.

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Ket Fossen

Ket Fossen
Koordinator
FNF Sogn og Fjordane

1: NRK: <https://www.nrk.no/vestland/regjeringen-apner-for-ti-nye-nasjonalparker-1.15639792>